



# /// Planstrategi 2021-2024

## Føremål

Planstrategien gir oversikt over kva planar me har behov for fram mot 2025, både arealplanar og tematiske planar, og viser planlagt framdrift og ei prioritering mellom planane.

Utarbeiding av planstrategien er lovfesta i plan- og bygningslova § 10-1 og skal utarbeidast minst ein gong i kvar valperiode. Plan- og bygningslova seier at planstrategien bør drøfte strategiske val for samfunnsutviklinga. I Sogndal kommune gjer me denne drøftinga i samfunnsplanen, som derfor dekker dette behovet. Me utarbeider planstrategien på bakgrunn av vegvala som er gjort i samfunnsplanen, og sikrar såleis ei god planmessig oppfølging av dei overordna føringane i samfunnsplanen. Innhaldet i Sogndal kommune sin planstrategi avgrensar seg derfor til oversikta over dei prioriterte planane frå 2021-2024.

## Prioriterte planar 2021-2024

	2021	2022	2023	2024
<b>Overordna planar og strategiar</b>				
Arealplan for 2022-2032		■	■	
Hovudplan for vatn og avlaup		■	■	
Kommunal transportplan m/trafikktryggleiksplan		■	■	
Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2024-2027			■	■
Samfunnsplan for 2025-2035				■
Planstrategi for 2025-2028				■
<b>Områdeplanar</b>				
Områdeplan for Hodlekve	■	■	■	
Områdeplan for Fjøra/Nestangen		■	■	
Områdeplan for Øyane/Granden			■	■
Områdeplan for Hermansverk			■	■
Områdeplan for Kaupanger			■	■
Områdeplan for Fjærland				■
Områdeplan for Balestrand				■
<b>Detaljplanar</b>				
Detaljplan for Hittun bustadområde	■	■		
Detaljplan for Strandavegen	■	■		
Detaljplan for Saurdal hytteområde	■	■	■	

**Arealplanen** vil konkretisere føringane frå samfunnsplanen for dei ulike delane av kommunen, og vil gje eit juridisk bindande rammeverk for planar og tiltak etter plan- og bygningslova.

**Hovudplan for vatn og avlaup** skal vere grunnlag for oppgradering og vedlikehald av vassforsyning og avlaupsanlegg.

**Kommunal transportplan** (KTP) skal vere eit styringsdokument for samferdsle- og transportarbeidet i Sogndal kommune. Planen skal omfatte trafikktryggleik, opprusting og vedlikehald av kommunale vegar og prioriterte innspel til RTP og NTP.

**Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv** er eit viktig styringsdokument for tildeling av midlar til frivilligheita, og er også eit krav ved tildeling av spelemidlar til anlegg.

**Samfunnsplan for 2025-2035.** Planarbeidet vil dreie seg om å stadfeste eller justere samfunnsplanen, og forankre han i det nye kommunestyret og samfunnet elles.

**Planstrategi 2024-2027** skal utarbeidast innan eit år etter konstituering av nytt kommunestyre, på bakgrunn av føringar frå den rullerte samfunnsplanen.

**Områdeplanane** vil vere ei konkretisering av arealplanen, og skal ligge til grunn for detaljplanar og byggjetiltak.

**Detaljplanane** i planstrategien skal utarbeidast i kommunal regi.